

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 16.09.2021

Det vart lagt fram 17 røystesetlar for handsaming av fylkesvalstyret i møtet.

Fylkesvalstyret vedtok samrøystes å lukke møtet under handsaminga av 1 av røystesetlane. Opplysningar som går fram av røystesetelen er underlagt teieplikt. Det krev at møtet vert lukka jf. KommuneLOVA § 11-5 tredje ledd litra a.

Fylkesvalstyret vedtok samrøystes følgjande protokollmerknad til riksvaststyret:

«Fylkesvalstyret ønskjer å gjere riksvaststyret merksam på at den generelle røystesetelen har ein svakheit. Ved fleire høve har veljaren kryssa av på nummer 23 utan å skrive kva liste dei ønskjer å røyste på. Dette er feltet der veljaren kan skrive inn namnet på ei liste som ikkje er ført opp på røystesetelen. Fylkesvalstyret meiner at det er truleg at veljaren her ønskjer å røyste blankt. Fylkesvalstyret ber om at desse røystesetlane vert justert ved framtidige val, slik at det er lettare for veljaren å bruke røystesetelen rett.»

Fylkesvalstyret si handsaming av røystesetlane og protokollmerknaden går fram i fylkesvalstyret si møtebok for kontrollteljinga. Denne vert lagt fram for fylkesvalstyret i møtet 21. september.